

# **BULDER**

stedsutvikling og potensialundersøking i Vingsand, Osen.

---

forarbeid thov sanden 2013



*“A walk through a forest is invigorating and healing due to the constant interaction of all sense modalities”.*

*- frå “The Eyes of the Skin” by Juhani Pallasmaa*





## **innhald**

### **innleiing**

- forvandling 7
- kandidaten og oppgåva 9
- fråflytting 11
- referanse 13
- arkitekten si rolle 15

### **stad**

- vingsand i osen kommune 17
- mitt besøk 19
- verdskjend buldrepass 21
- guida tur i holer og bulder 23
- hallvikhola 25
- håmannvika 27
- svarthola 29
- svartjuvet 31
- hopenfeltet 33

### **ei ukjend framtid**

- kongens besøk 35
- ein stranda utviklingsplan 37
- kvalitetar og potensiale 39
- lokal kunnskap 41

### **mitt bidrag**

- natur 43
- bebygging 45
- utfordringar 47
- framdriftsplan 49



Den gamle løkka der det vart spela fotball er no parkeringsplass i Vingsand, Osen kommune.

## innleiing

### **forvandling**

*“Siden 1948 har spillemidler til idretten vore statens bidrag til å få folket til å bevege seg. Men nye undersøkelser viser at dagens ungdom velger mestringsaktiviteter framfor konkurranseidrett. Det er på tide at pengene følger etter.”*

- forside av *Arkitektur N*, nr 4-2013.

Vi er vitne til ei forvandling av kva folk brukar tid og pengar på i Noreg i dag. Fleire og fleire reiser på opplevingsferie, og kjøper seg utstyr for opplevingsidrett. Folk byrjer å ta i bruk naturen, og får au-gene opp for det potensialet vi har her i landet. Om vi gjer ting riktig i tida som kjem, trur eg vi kan legge grunnlaget for ei stor næring som kan gje nytt liv til distrikta.

Eg snakkar om kayak i elv og sjø, paragliding, terrengsykling, kla-tring og buldring, surfing, ski, snowboard osv som spelar hovudrol-lene i ei relativt ny turistnæring. Det handlar om opplevingar som du hugser, og det handlar om mestring. Og det er flust av plassar i Noreg som kan by på slike opplevingar i spektakulære naturskjønne omgivnader, men som ikkje gjer det.

Eg har sjølv drive aktivt med snowboard, og veit kor deileg det er å leike med tyngdekrafta og kjenne adrenalin pumpe gjennom krop-pen. Ein får mot til å utfordre også på andre arenaer i livet. Og eg meiner desse opplevingane ikkje bør vere forbehalde nokon, men vere tilgjengeleg for alle. Derfor meiner eg einkvar nordmann og eitkvart idrettslag bør finne ut av kva for potensiale som finst lokalt, og kva som kan gjerast for å utnytte det.



Helande natur. Eg står og ser påen solnedgang som går sømlaust over i soloppgang.

## **kandidaten og oppgåva**


Eg har sjølv vakse opp i Treungen i Telemark. Skogen låg rett utfor døra, og som unge er ein naturleg godt kvalifisera til å nytte seg av slikt. Like fantastisk var sommer og badevatn i innsjøen Nisser, som vinteren var med ski og brett, både i fjellet og i løyper. Eg har alltid hatt stor glede av å vere nære naturen, og for meg er det veldig viktig. Det er den desidert viktigaste grunnen om eg nokon gong skulle vurdere å flytte tilbake.

Men det er ikkje nok med mengder av potensiale hvis folk flytter vekk og plassen gror igjen. Bygda må moderniserast og vere stolt av seg sjølv. Dette kan vi få til ved å gjere det særeigne tilgjengeleg, både for turistar og lokale. Om vi får til dette, har eg stor tru på at utviklinga kan snu. Eg trur distrikts-Noreg og Noreg som heilheit kan bli meir attraktivt og få fleire bein å stå på.

Eg vil gjere denne oppgåva fordi det er noko eg brenn for. Byliv passer mange bra, meg deriblant, men å bu i naturen er det vi har gjort, og som både kroppen vår og sjelen er tilpassa. Som Pallasmaa skriv, så trur eg mange kan føle å kome i balanse og få energi av å gå ein tur i skogen. Dei fleste får ikkje egentleg valet om å bu på landet eller i byen. Bygda er utdatert og den er uaktuell. Eg vil ta for meg aktivitet som generator for stadsutvikling, fordi eg har stor tru på at det kan vere med å revitalisere ein liten stad som er i ferd med å døyt ut.

# Folkeflukt fra de minste

- Befolkningen i Midt-Norge har de siste ti årene kommet seg mer og mer sammen i de større kommunene. De fleste distriktskommunene taper innbyggere.
- Bare tre distriktskommuner har hatt befolkningsvekst på over åtte prosent.
- – Dette bør være en vekker for mange av kommunene i Midt-Norge, sier direktør Halvor Holmliv ved Distriktsenteret.



Del 1 | side 8 og 9

Sak frå Adresseavisen 22. april 2013.

## **fråflytting**

Biletet er henta frå adresseavisa 22. april i år. Det foregår ei folkeflukt frå dei minste kommunane. Og sjølv om denne saka gjeld Midt-Noreg, så er realiteten den samme i dei fleste andre kommunar i Noreg som ikkje er bynære.

Primærnæringane som før var spreidde utover det ganske land stod for dei fleste arbeidsplassane og befolka landet, er nå nærmast vekk frå distrikta. Både fiske og anna fangst, jordbruk og skogbruk er sentralisera og det krev berre ein brøkdel av bemanninga for å ta ut det som finst av ressurser. I tomrommet ligg eit bygde-Noreg som er utdatert, umoderne og lite attraktivt for dei fleste.



Sjøenteret på Stokkøya.



## **referanse**

Det finst unntak. Stokkøya i Åfjord kommune var for berre ti år sida ei lita bygd som alle andre, lite attraktiv for tilflyttere. Ikkje misforstå meg, lite attraktivt for tilflyttere betyr ikkje at det er mangel på kvaliteter. Dette skjøna Torild Langklopp og Roar Svenning. dei har fokusert på stadens kvaliteter, og har saman med fleire andre aktører, bl a arkitektene i Pir 2 AS og Stokkøy Utbygging AS utvikla et konsept som dei kaller Bygda 2.0. Dette handler om å tenkje seg omen gang til kva ei bygd er og kan vere. Med stort fokus på arkitektur og mat med lokale råvarer har dei lagt grunnlaget for deira tolkning av den moderne bygda. Ei bygd som er moderne, attraktiv og som faktisk er i vekst.



Den norske Opera og Ballett. Foto: Christopher Hagelund

## **arkitektens rolle**

I rurale Noreg har eg inntrykk av at arkitektur er noko som ein må til byen for å se, og helst til Oslo. Operaen er sjølve juvelen i krona, og har vore viktig for interessen av arkitektur i Noreg.

I heimbygda mi er det særst lite å sjå av moderne arkitektur. Det var berre når vi var på tur i min oppvekst at det var snakk om det. Dette trur eg er i ferd med å snu. Arkitektur er trendy, og det kan vere med å endre heile profilen til ein by eller ein liten stad. Ëi vilje eller eitt bygg kan vere skilnad på liv og død for ei fråflytningstrua bygd.

Vi som arkitektar har sjansen til å faktisk utgjere ein skilnad. I Noreg har vi vore flinke til å satse på nasjonale turistveger og i mange tilfelle lagd arkitektur rundt severdigheter som allereie er velkjend og mykje besøkt. Dette er eit kjempebra tiltak. Men eg trur det er viktig å vere klar over at vi har så mykje anna rundt omkring i landet som er verdt å satse på og vise fram.





### **vingsand i osen kommune**

Rett innafor dei ytterste skjæra i Osen kommune, lengst nord i Sør-Trøndelag, ligg det gamle fiskeværet Vingsand. Til tross for at det ligg berre ein to-timers køyretur nord for Trondheim er det lite kjend for dei fleste i byen kva den lille plassen kan by på.

Vingsand er eit lokalsamfunn med godt fungerande infrastruktur og eksepsjonell beliggenheit med tanke på natur. Likavel er det ingen mellom 20 og 40 som har valt å bli verande her, eller å flytte tilbake hit. Dette kan kome av få jobbalternativ, få på samme alder, eller eit manglande tilbod av fritidsaktiviteter. Sannsynlegvis ein kombinasjon av dei nevnte.

Å snu fråflytting til tilflytting av ei bygd er ein lang prosess som krev mykje vilje, hardt arbeid og flaks. Likavel trur eg det er mogleg å finne ei veldig nøyaktig hending, som definerer då bygda fekk tilbake livsgneisten. På Stokkøya kan ein seie at frøet vart sett i jorda då Torild og Roar vart samde om å prøve å utvikle staden til eit attraktivt reisemål. Dette er den mest avgjerande augneblinken for bygdas framtid, og dette vil eg sjå nærare på.



Berre skjæra ligg mellom meg og det åpne havet.

## **mitt besøk**

4. juni 2013. Eg pakkar bilen og legg turen nordover. Turen oppover er som å gå igjennom ei utstilling av nasjonalromantiske måleri. Ende-lause landbruksområde blir erstatta av blankskura fjell som stuper ned i fjorden, for så å åpne seg opp for ein vill og vakker kystperle. Eg blir overvelda av naturen, og då eg går ut av bilen i Vingsand litt før midnatt, trøtt og sliten, kan eg ikkje anna enn å bruke eit par timar på å utforske området. På denne tida finn eg blant anna eit gammalt skip-svrak som står opp av vannet i ei vik rett ut for ein nyleg oppsatt gapa-huk. Utover på odden finn eg fleire holer med tydelege kalkmerker frå buldring og ei fantastisk utsikt mot solnedgangen som viser seg å gå rett over i soloppgang. Eg går tilbake til vika. Det er seint og eg er trøtt. Eg bestemmer meg for å leggje madrassa på svaberget og sovner til lett bølgeskvulp.





Dronninghola.



## verdskjend buldre plass

Ein av grunnane til at eg synast Osen var så interessant er dei enorme moglegheitene for *buldring*\* i kommunen. Dette fekk eg vite av ein kompis som er ivrig klatrar og buldrer. Buldring er ein relativt ny idrett, men sterkt veksande, og er i sjeldent selskap på lista over greiner IOC vurderar til OL i 2020.

I ein artikkel i New York Times frå 2011 er dei verdskjende klatrerane Beth Rodden og Randy Puro i Dronninghola. Dei mener plassen er så spesiell fordi ein kan klatre i taket av holer som kan vere over ti meter djupe. I tillegg til at dette er veldig morosamt og utfordrande, kan ein også klatre her når det regner.

Buldring rundt Vingsand vart godt kjend i nasjonalt og internasjonalt klatremiljø, og folk reiste dit for å buldre frå heile verda. Utviklinga var i startfasen, og det kom gjerne 15-20 kvar helg om sommaren for å bruke steinane i området. Dette var heilt nytt for lokale, og grunneigarar var lite fornøgde med at det vart parkera på privat eigedom og spasera rett igjennom gårdstun. Det vart gjensidig mangel på respekt og det heile kulminera i at ein grunneigar sette fyr på ein stein som hadde blitt godt kjend i miljøet som ein av dei beste steinene. Steinen vart ubrukeleg og buldrerane slutta å kome til Vingsand, til tross for at det er eit område i verdsklasse for idretten.

\*Buldring er klatring på stein, i holer eller på fjellveggar med matter i staden for tau som sikring. Dette tilseier høgder sjeldent meir enn 4 meter.



Hole i Håmannvika.



Anja Hepsø viser veg opp til Dronninghola.




Anja viser kor langt ut klatrerane frå USA kom.



### **guida tur i holer og bulder**

Ansvarleg for turistinformasjonen i Osen kommune, Anja Hepsø, er ei av ildsjelene for å få til eit godt samarbeid og fredsavtale mellom grunneigerar og buldrerar. Ho ser at begge parter kan nyte godt av samarbeid.


Eg møtte ho i Vingsand, og fekk ein guida tur i området rundt. Nokon holer og buldreområder hadde eg oppdaga på eigenhand, og Anja viste meg andre som var vanskelegare å få auge på frå veien. Både eg og Anja skjønna kva for skatt kommunen satt på, ein skatt dei er veldig interessera i å dele med andre. Anja skulle ha eit møte to veker etter eg var der for å få til et samarbeid mellom buldrerar og grunneigerar. Dette engasjementet frå begge partar vitner om ei vilje til å få til noko, ei vilje som er heilt essensiell for utviklinga av Vingsand.



Adam Ondra klatrar i taket på Hallvikhola. Foto: Petr Pavlicek



Nedenfrå ser det ut som hola trekker seg saman. Foto: Steinar Fugelsøy



### **hallvikhola**

Hallvikhola er nemnt i utviklingsplanen for Vingsand frå 2007. Den var planlagt å undersøkjast og vurderast for besøk og arrangement. Vi snakkar om nord-Europas største grotte. 100 meter brei og 100 meter djup, og heile 80 meter høg. Sjøvegen og ein tjueminutters gåtur er einaste alternativ for å kome seg til hola. Frå hola kan du sjå Nordre Raudøya, der nord-Europas høgaste fyr stod heilt til det ble lagt ned og erstatta av fyret på Buholmråsa i 1917.

I den nye klatrefilmen “Change” av Petr Pavlicek, spiller hola hovudrolle saman med den verdskjende klatraren Adam Ondra. Filmen kjem ut i september 2013. Med sine spektakulære scener frå hola i Osen, er dette massiv gratis markedsføring for kommunen.






I sida av Håmannvika ligg Håmann-huken, en gapahuk satt opp av grendelaget.



Eit gamalt skipsvrak ligg og duppar heilt inne ved stranda i Håmannvika.



## **Håmannvika**

Følgjer du stien rett over haugen frå Vingsand, kjem du til Håmannvika. Her vart det sett opp ein stor gapahuk i 2003. Når floen vert til fjære kjem eit gamalt skipsvrak til syne rett utafor. Både rett nord og rett sør for vika kan ein finne fine buldrefelt og spennande holer. Folk frå Vingsand som eg kom i prat med hadde stort sett kjennskap til dei fleste holene. Det kunne virke som det var interesse for holene, til og med litt stoltheit kunne ein merke, men blant dei lokale var det få som hadde vore inne i dei. Lenger ut på odden ligg også ei idyllisk lita vik som er lettast å kome til med kayak.



Eit mystisk hol i fjellsida.




Formasjonane gir store, spennande rom.



Frå Svarthola kan ein sjå over til Roan kommune.






Svarthola ligg ein rask, men bratt gåtur frå vegen rett ved skolen på Strand. Eit belte av både lauv- og barskog gjer til at ein ikkje kan sjå ned til skulen, noko som ville ha vore lett å opna for, men hola har likavel ei fantastisk utsikt.

Ved foten av stien opp til hola ligg ei grav som sannsynlegvis er over 2000 år gamal. I området finst det også helleristningar som truleg er mykje eldre, frå om lag 5000 år sidan.

I området finst det mange holer som er morsomme å utforske. Nokon kan brukast til buldring, medan andre har vorti bruka til overnatting for blant anna buldrerar.



Det er ikkje vanskeleg å skjøne kor juvet har navnet sitt frå.



## **svartjuvet**

Om du går opp på kammen frå svarthola, og går sørover kjem du snart til eit stort juv. For eitt år sidan rigga klatrerar som held til i Drageid opp eit spektakulært pendelhopp i juvet. Fleire dagar vart bruka på å spenne kabler over juvet, for så å rigge det ned igjen berre ein dag etterpå. Dette var ei modigheitsprøve av dei sjeldne, og berre eit fåtall turde prøve. Eit permanent pendelhopp her hadde satt Svartjuvet på ei eksklusiv liste i Noreg, med tilhøyrande høg marknadsverdi.



Propaganda, i et populært buldreområde.




Hola ligg ikkje langt frå vegen.



Feltet sett frå Vingsand.





## **hopenfeltet**

Om ein står i Vingsand og ser rett over fjorden, kan ein sjå spennande fjell- og holeformasjonar. Hola som ligg oppi sida trigga barnet i meg. Utan at eg visste noko om området på den andre sida, tok eg bilen og ville utforske. På vegen opp til hola var det fleire store steiner, og hola i seg sjølv var veldig fascinerande. Den store overraskinga var at hola hadde lys i andre enden. Det var eit stort hol som gjekk vertikalt opp til overflata, og det var umogleg for meg å klatre opp.

Under min guida tur med Hepsøe, kunne ho fortele at dette er det mest populære steinbulderfeltet. Den kjende buldresteinen Propaganda ligg her, og dette er ein stad buldrerane kunne tenkje seg å etablere som sin teltplass.



Kongen og dronninga flyt innover til kaia i Vingsand.

## en ukjend framtid

### **kongens besøk**

5. juni 2013. Ein stor dag for Vingsand og Osen kommune. Kongeskipet ligg like utfor havna i Vingsand. Forbi meg flyt kongeparet innover i vika og blir teke godt imot av heile kommunen i finstas og norske flagg. Folk samlar seg på Osen Bygdetun. Museummet som til vanleg er opent kvar torsdag i juli, har no blitt stelt i stand til dans- og musikkinnslag, spel og store taler. Vi får høyre om fine tradisjonar og sunne verdiar frå både ein stolt ordfører og ein imponert konge, etterfulgt av dei lokale kulturinnslagene.

Men den usikre framtida i Vingsand blir det sagt lite om.

# UTVIKLINGSPLAN

## VINGSAND STEDSUTVIKLING - en arena for reisemålsutvikling




Mai 2007



## **ein stranda utviklingsplan**

I 2007 utvikla Osen kommune saman med viktige næringsaktører ein utviklingsplan for Vingsand. I denne tek dei opp viktige utfordringar. Ei av desse er aukande gjennomsnittsalder som eit resultat av fråflytting og liten skala på turistanleggene, som igjen betyr lite aktivitet i livsviktige næringar for eit samfunn, som kro og butikk. Det setjast opp eit budsjett på nesten 2 millionar, som kun skal brukast på konsultasjon og for å finne ut kva som kan og burde gjerast. Målet er å utnytte det særeigne ved plassen, og gjere Vingsand til ein attraktiv destinasjon for turistar, og på lengre sikt bli ei bygd som er attraktiv for tilflyttrar.

Men utviklinga vart ikkje noko av. Lokale krefter stranda, og staden fortsett å fråflyttast mens uutnytta potensiale ligg der, ukjend for dei fleste.



## **kvaliteter og potensiale**

Forretningsideen i planen er blant anna å rette fokus mot “nye kystbasererte opplevelser” og “nye særpregede overnattingstilbud”. Dette synast eg er veldig interessant. Det er også ei målsetting om bl a å “doble overnattingskapasiteten innen 3 år, dvs 36 nye senger” og “etablere 3 nye spektakulære aktiviteter innen 3 år”. Dette har eg stor tru på er tiltak som kunne ha løfta Vingsand til nye høgder. Det nevnt turisme-retta aktiviteter som fiske og foredling av fisk, samt dykking, og ikkje minst å vurdere Hallvikhola for bruk av arrangement.

Etter at eg gjorde research om Osen kommune fann eg ut at dei hadde mange fleire moglegheiter enn det som kjem fram av planen. Bl a er ikkje klatring eller buldring nemnt. På leirskulen på Drageid ein liten båttur frå Vingsand finst ekspertise i noregstoppen. Der er det også ei “via ferrata” under utbygging,ei løype av kablar og stiger oppover fjell-sidane som gjer det lettare for klatrerar å sikre seg sjølv og kvarandre. Instruktørane ved Drageid har ved fleire anledningar sett opp pendel-hopp i eit juv ti minutt med bil frå Vingsand, og er interessert i gjere dette kommersielt om det skulle bli mogleg. I Sætervika, også ein ti minutters båttur frå Vingsand finst det allereie ekspertise på dykking, og blant andre Torstein Eide frå Trondheim er engasjert i buldring på Vingsand. Tone engan som sitt i styret i idrettslaget fortel om spesielt gode moglegheiter for padling i kayak rundt Vingsand. Dette er fordi ein er heilt ute i havgapet, men samtidig skjerma av ei fin rekkje med skjær som tek av for dei verste urolighetane.



Kommunehuset i Osen.



Osen stadion.




Helleristninger mellom Sandviksberget og Vingsand vitner om tidlige busetjinger i området.

## **lokal kunnskap**

Kommunen har i lange tider hatt mykje å by på. Her har det budd folk i mange tusen år. Dei første budde sannsynlegvis i holene i området, og levde av fangst frå havet. Dette fann eg ut dels ved å utforske for meg sjølv, men eg kom også i kontakt med folk som var engasjerte og som satt på mykje nyttig informasjon. Blant desse var Turistansvarleg Anja Hepsøe, Tone Engan i idrettslaget, rådmann Roar Leirset og sektorleiar for helse og omsorg Sigrid Angen. Sigrid og Roar var også djupt involverte i utviklingsplanen frå 2007. Då eg tok ein prat med dei på kommunehuset kunne dei fortelle meg kvifor utviklinga ikkje blei noko av, nemleg at lokal næring la ned og trakk seg ut. Men dei kunne også fortelle om eit gryande engasjement blant utflytta Vingsand- og Oseningar. Grendelaget har bl a satt opp gapahuken i Håmannvika og driv eit galleri i lokalet sitt midt i Vingsand sentrum. Her arrangerer dei også små konferansar og store fester. Dei har vilje og kapital, og Vingsand har potensiale.







## mitt bidrag

### **natur**

1. leirplass for buldrerar.
2. sti til holer og bulder.
3. eit nettverk på vatnet.
4. Knytte nettverket til andre mål

Buldring kan for mange vere ein livsstil. Ein rein livsstil. Ein leirplass for denne gruppen kan vere blotta for luksus. Arkitekturen knytta til denne vil ha fokus på dei primære behova, i ein rein kontekst av pur natur. Den vil vie oppmerksomheit til naturen, i likskap med ein eventuell sti opp til holene. Samtidig vil stien gi ei forventning til destinasjonen.

Eit nettverk av ilandstignings- og sjøsetjingsinstallasjoner vil gjere det lettare for folk med kayak å få oversikt over området og bruke det på ein god måte.



## **bebygging**

5.overnatting

6. utleige og samlingspunkt

Å ha eit samlingspunkt sentralt, om aldri så lita bygd, er viktig. Eg vil sjå på om det er mogleg å leggje overnatting for turistar i sentrum av Vingsand, med ein møtestad tilknytta dette. Nytt visningsrom for galleriet kan også vere aktuelt.

På møte hos rådmannen fekk eg vite at det var ingenting som stod ledig per i dag i Vingsand, men at det hadde vore planlagt utbygging ytterst på odden mellom rorbuene og kroa. Eg vil vurdere denne tomte som ein mogleg stad for utbygging.



## **utfordringar**

Ei utfordring i denne oppgåva blir å ikkje vere redd for å ta grep, og legge til rette for ei utvikling ved å utnytte det potensialet området har å by på, men samtidig la hole vere hole og natur forbli natur.

Målsetting for denne utviklinga er å aktivisere lokale og gjere dei oppmerksame på kva for skattar dei sit på. Like viktig er det å få i gang ei turistnæring som tek i bruk potensiale i området, og som dermed er særeigen og konkurransedyktig.

Møtet mellom desse to er veldig interessant, og vil bli viktig i arbeidet mitt i haust.

# framdriftsplan

---

## juli

andre tomtebe-  
faring?

## august

33  
installasjon og  
analyse

34  
kartarbeid

35  
situasjon og  
heilhet

## september

36  
leirplass og  
kajakkbrygge

37  
nytt møtepunkt og  
visningsrom(?)

38  
sti til holer og nettverk på  
vannet

39  
overnatting



## **oktober**

40  
bearbeiding

41  
midtsemester?

42  
bearbeiding

43  
tegning

## **november**

44  
modellbygging

45  
layout

46  
tegning

47  
modellbygging

## **desember**

48  
layout

49  
presentasjon

50  
printing og  
utstilling

51  
levering 16.  
desember